

Krav til medhjelpar som skal drive pengespel etter kapittel 10 i pengespelforskrifta

Medhjelpar må ha tilfredsstillande eigenkapital. Vurdering av kva som er tilfredsstillande vil bli gjort med vekt på fjorårets avlagte årsrekneskap. For å fylle vilkåret om tilfredsstillande eigenkapital, må medhjelpar ha meir enn 10 millionar kroner i totalkapital og ein eigenkapitalandel på minimum 20% (Eigenkapitalandel = Sum eigenkapital / (Sum eigenkapital og gjeld). Bakgrunnen for vilkåret er erfaring frå tidlegare søknadsperiode som viser at det kan være svært kapitalkrevjande å etablere store pengespel.

Medhjelpar må kunne vise til ein rein revisjonsberetning frå revisor. Ein rein revisjonsberetning inneber ein positiv konklusjon om årsregnskapet, og utan presiseringar eller avsnitt om “andre forhold”. Kravet gjeld både på søknadstidspunktet og i heile løyveperioden.

Medhjelpar må stille tilfredsstillande sikkerheit for premiar. Garantien må sendast til Lotteritilsynet for godkjenning før start av pengespelet, og må minimum vere gyldig fram til 4 månadar etter løyvet går ut.

Sjå vidare kravliste i utlysingsteksten.